

Tlaren held posisjonen

20.01.2015



Dei held også posisjonen i tysdagskafeen: Britt og Ivar Bernhard Arnesen og Liv og Jan Henrik Hansen.

**Tlaren, den populære tysdagskafeen i Gamleskulen som vart starta hausten 2007, held posisjonen som ein viktig soisial møteplass i bygda. I 2014 vart det seld for rundt rekna 66 000 der. Det reelle talet er litt uvisst fordi det manglar tal for 2 opningsdagar, men det er i alle fall ikkje mindre,**

**I 2013 vart det seld for 68 803 kroner, i 2012 for 72517 og i 2011 for 65 000. Kafeen var ope 50 tysdagar i fjor, som året før, og snittsalet var 1300 kroner.**

Tala er imponerande når ein veit at det framleis er ein maksimalpris på 10 kroner for godsakene i disken. Dei flinke dugnadsdamene held kvaliteten på rundstykker, vaflar, melkekaker og kaker oppe,

Det vart truleg sett dagsrekord i fjor med eit sal for 2910 kroner på ein dag og det var 15. august. Når ein ellers går gjennom tala syner det seg at variasjonane er store med ein botn på 600-800 kroner.

Halvparten av summen som kjem inn kan reknast som overskot for Uskedal Utvikling.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen